



**Plan for Prehospitale tenester  
Helse Fonna HF 2011-2013**

**Medisinsk Service klinikk**

**Mai 2011**

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunnsdokument og føringar

Denne planen byggjer på føringar og vedtak frå følgjande dokument:

- Forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus - 01.04.2005
- Plan for prehospital tenester – Helse Vest RHF - 05.11.2008
- Plan somatikk 2010 – 2020, Helse Fonna HF
- Styringsdokumentet Helse Fonna HF 2009, 2010 og 2011
- Strategidokument for Helse Fonna 2009 – 2013
- Forskrift om krav til opplæring, prøve og kompetanse for utrykningskjøring (utrykningsforskriften) 01.07.2009
- Beredskapsplan Helse Vest
- Beredskapsplan Helse Fonna HF
- Medisinsk og operativ manual Helse Fonna HF (MOM) 11.01.2010

Prehospital plan Helse Fonna byggjer på gjeldande prehospital plan i Helse Vest vedtatt i 2008, og tar utgangspunkt i dei områda som er definert som særskild prioritert i den regionale planen. Arbeid med planen i Helse Fonna starta i 2009, men har tatt lang tid grunna at det parallelt har vore gjennomført ei stor omstilling i tenesta. Det er også satsingsområde i den regionale planen som ikkje er realisert i perioden, som til dømes innføring av felles regionale kvalitetsindikatorar for prehospital teneste og innføring av dataverktøy for rapportering av prehospital data. Det har likevel vore arbeid kontinuerleg i føretaket med forbetringar og med mål og tiltak basert på regionale føringar. Planen vil derfor innehalde tiltak som er påbegynt eller fullført. Den lokale planen vil også bli revidert i takt med revisjon av regional plan.

## 1.2 Målsettjing med planen

Planen skal bidra til å sikre befolkninga effektive og framtidsretta prehospital tenester av høg kvalitet. De prehospital tenestene i føretaket skal vere kvalitetsmessig på høgde med nasjonalt og internasjonalt nivå. Planen skal peike på områder for særskild merksemd og skal bidra til å sikre at prehospital tenester vidareutvikles som ein del av kjerneverksemda i helseføretaket. Planen skal følgjes opp i lokale handlingsplaner og kompetanseplaner i tenesta.

## 1.3 Definisjonar

- **Akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus**  
Med akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus meines medisinsk nødmeldeteneste, kommunal legevaksordning og ambulansetenesten. Med akuttmedisin meines kvalifisert medisinsk diagnostikk, rådgeving, handsaming og/eller overvakning ved akutt oppstått/forverring av sjukdom eller skade, herunder akutte psykiske lidingar, der rask medisinsk hjelp kan vere avgjerande for liv og helse.
- **Ambulansetransport:**  
Transport av pasientar inn til spesialisthelseteneste, mellom sjukehus, eller frå primærhelseteneste til spesialisthelseteneste.  
Kan utføres med bilambulanse, båtambulanse, luftambulanse eller Helseekspress.
- **Nødmeldeteneste:**  
Digitalt kommunikasjonsnett som er basert på den internasjonale radiostandarden

TETRA for nød- og beredskapstenester. Systemet er avlyttingssikkert, og skal sikre effektiv og sikker kommunikasjon internt i , og mellom blålysetatene.

AMK (akuttmedisinsk kommunikasjonsentral) opererer nødmeldetenesta i helsevesenet på nummeret 113.

## 2. Presentasjon av den prehospitale tenesta i Helse Fonna

### Ambulanseteneste

Ambulansetenesten er delt inn i tre områder med følgjande stasjonar:

**Område 1 – Odda:** Odda, Eidfjord, Jondal, Sauda, Suldal

**Område 2 – Stord:** Stord, Bømlø, Tysnes, Kvinnherad

**Område 3 – Haugesund :** Karmøy, Haugesund, Ølen

### Tal på ambulansetilar

Helse Fonna HF har i dag 30 ambulansetilar. Av disse utgjør 18 døgnbilar og 2 dagbilar (måndag-fredag).

Dei resterande er bilar til reserve og beredskap.

I tillegg til ambulansar har Helse Fonna helseekspress som går mellom Haugesund - Stord - Bergen tur /retur alle virkedagar.

Ambulansetilar opererer i Sunnhordlands-bassenget. Denne driftast av privat aktør, og bemannast med ambulansetilarar med autorisasjon frå Tysnes stasjon, som tiltrer båtane ved oppdrag.

### Nødmeldeteneste

AMK-sentralen er lokalisert ved Haugesund Sjukehus. Det er legevaktssentral ved alle dei tre somatiske sjukehusa.

### Tal på tilsette

Ambulansetenesta har totalt av 155 faste tilsette. Av disse nyttas 3 årsverk til fulltidsleiing, 12 årsverk til leiing på stasjonane kombinert med drift, 1,5 årsverk til fagutvikling, 1 årsverk til legebil, 0,85 årsverk til ambulansetilar i stab til klinikkdirektør og 6 årsverk til ambulansetilarar i AMK.

AMK har i tillegg 19 sjukepleierstillingar som er tilsett delvis i AMK og delvis i drifta i akuttmottak/observasjonspost ved Haugesund Sjukehus.

I tråd med regionalt prosjekt planleggjest det omlegging av AMK i samband med innføring av nytt naudnett i Helse Vest i 2012.

### Tal på ambulansetilaroppdrag frå år 2010

Akuttoppdrag: 5463

Hasteoppdrag: 8135

Vanlige oppdrag: 8038

**Totalt: 21696**

### Tal på kjørte kilometer år 2010

1033273 km

Tal på oppdrag og kjørte kilometer er aukande, og det er dei største stasjonane (Haugesund, Karmøy, Stord, Vindfjord, Odda) som aukar mest.

### **Bemanningsmodellar**

Helse Fonna har bemanning med vakt på vaktrom. Ei slik vaktordning krev dispensasjon frå arbeidsmiljølova og avtalar med dei tilsettes organisasjonar. Bemanning for ein døgnbil med vakt på vaktrom krev omlag sju stillingar.

### **Utdanning og rekruttering av nøkkelpersonell**

Føretaket rekrutterar ambulanspersonell via lærlingar som går læretid i føretaket. Dei fleste kjem frå Os Vidaregåande skule og Sauda vidaregåande skule. Det rekrutterast også fagarbeidare via stillingsutlysningar - personell som flytter til området frå andre helseføretak. Vikarar rekrutterast på ulike måtar, men gjennomgår alle vikarkurs som arrangerast i samarbeid med Helse Stavanger.

### **Samarbeid med kommunar, naudetatar, frivillige organisasjonar**

Helse Fonna samarbeider med 19 kommunar om prehospital akuttmedisin. Dei 19 kommunane er organisert i 13 legevaktsdistrikt. Føretaket formidler legevaktstelefon for alle kommunar hele eller deler av døgnet. Legevaktstelefonen er delt mellom AMK og legevaktsentralane i Odda og på Stord.

I samband med beredskap og redning er det eit formalisert samarbeid med naudetatane brann og politi. Det er regelbunden møteverksemd, tverrfaglege fagdagar og øvingar. Det er også eit samarbeid med dei frivillige organisasjonane som til eksempel Raude Kross. Samarbeidet gjeld hovudsakeleg bistand ved behov for redning utanfor bilveg.

## **Fokusområder og mål**

### **3. Etablering av legebil**

#### **3.1 Satsningsområder i regional plan**

*Styrkje den prehospitale tenesta i Helse Fonna med ein utrykningsbil bemanna med anestesilege og ambulanspersonell, stasjonert ved Haugesund sjukehus. Styrkje bemanninga av båtambulansetjenesten. Herunder forsterke / utvide bemanning med en autorisert ambulansarbeider og settje i verk tiltak for å sikre kompetanseutvikling og faglig forankring.*

#### **3.2 Målsetjing for Helse Fonna**

- **Mål:**  
Styrkje den prehospitale tenesta i Helse Fonna med ein utrykningsbil bemanna med anestesilege og ambulanspersonell stasjonert ved Haugesund Sjukehus.
- Tiltak:**
- Sikre vidareføring av legebilen etter oppstartsfasen.
  - Utvide drift av legebilen til fleire deler av døgnet ut frå verksemdrapportering og i takt med tildeling og prioritering av legeheimlar.

- **Mål:**  
I samband med etablering av legebil skal føretaket drive verksemdregistrering med fokus på merverdi for pasientane som bilen rykker ut til. Utviklinga av legebiltenesta skal ta utgangspunkt i verksemd data og skal vere styrt av kvalitetsutvikling kombinert med effektiv ressursutnytting.

Tiltak:

- Sikre rapporteringsverktøy (Airdoc) med naudsynte lisensar og tilgonger
- Planlegge kriterier og metode for evaluering av legebiltenesta i lag med dei som betjener bilen.

## **4 Samarbeid og samhandling**

### **4.1 Satsningsområder i regional plan**

*Styrke samhandling med kommunehelsetenesta. Setje i verk tiltak for å etablere og vidareutvikle lokale akuttmedisinske team og velfungerande behandlingsskjedder. Vidareutvikle samarbeidet mellom regional AMK og dei øvrige AMK sentralane i regionen. Arbeide systematisk med responstidsproblematikken. Etablere formelle avtaler med brannvesen om førsteresponstenester og vurdere innføring av responstidskart. Etablere ordningar som tek i vare pasientar med psykiatriske problemstillingar. I dette arbeidet skal ordninga med eigen psykiatriambulans i Helse Bergen leggast til grunn.*

### **4.2 Mål og tiltak for Helse Fonna**

- **Mål:**  
Skal i perioden ha etablert samarbeidsavtaler om akuttmedisinske tjenester med den enkelte kommune. Samarbeidsavtalene skal bygge på felles mal, men skal også ta omsyn til særskilde tilhøve for den enkelte kommune.

Tiltak:

- Utvikle felles mal for samarbeidsavtaler
- Avholde årlige dialogmøter med kommunane for vidareutvikling og forbetring av samarbeid.

- **Mål:**  
Skal ha etablert førsteresponder ordningar saman med kommune der det er lang responstid.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med responstid, evaluere hendingar og avvik som dreier seg om responstid.

- **Mål:**  
Skal sikre riktig bruk av dei ulike transportalternativa i samarbeid med legar og rekvirentar og i samarbeid med seksjon for pasientreiser.

Tiltak:

- Regelbundne informasjonsmøte med legar om konsekvensen av feil bruk av ambulans.

- Greie ut grunnlag for oppretting av helseekspress nummer to.
- **Mål:**  
Skal ha eit godt samarbeid med dei andre helseføretaka i regionen i saker som gjeld prehospitala tenester, og skal delta i Helse Vest i arbeid med utvikling av felles systemer for kvalitet, dokumentasjon og rapportering.
- Tiltak:**
  - Delta i dette arbeidet via RAKOS
- **Mål:**  
Etablere samarbeidsavtaler med Klinikk for Psykisk Helsevern om bistand ved utrykning som gjeld psykisk lidning.
- Tiltak:**
  - Saman med klinikk for Psykisk Helsevern vurdere ulike løysingar for ivaretaking av pasientar som treng ambulanse grunna psykisk lidning.
- **Mål:** Delta i regionalt og nasjonalt arbeid som gjeld utvikling av ambulanseteneste og pasienttransport.
- Tiltak:**
  - Stille personell til råde for regionalt og nasjonalt arbeid ved førespurnad.

## **5. Organisering**

### **5.1 Satsingsområder i regional plan**

*Utvikle dei prehospitala tenestene som ein del av helseføretakenes kjerneverksemd. Føretaka i HelseVest er utøvere av dei prehospitala tenestene. Styrke ressursane til leiing og utvikling av dei prehospitala tenestene slik at dei er egna til å ta i vare nåværande og framtidige krav og utfordringar. Gjennomgå organisering og utvikle modellar som legg til rette for ei meir heilskapeleg organisering av dei prehospitala tenestane i Helse Vest. Organisere ambulansetenesta i samsvar med krav og prinsipp i denne plan. Herunder legge tre definerte kompetansenivå til grunn for organiseringa. Vidareutvikle samordning mellom ambulansetenesta og pasienttransport for å sikre riktig utnytting av tilgjengelige ressursar.*

### **5.2 Mål og tiltak for Helse Fonna**

- **Mål:**  
Tenesta skal ha ei leiing som er i stand til å nå målsetjing for tenesta og som fokuserer på nåværande og framtidige krav og utfordringar.
- Tiltak:**
  - Styrkje ressursar til leiing på alle nivå.
  - Gi opplæring til leiarane innan aktuelle emne

- **Mål:**  
Tenesta skal være organisert slik at det utøvande ledd får best mogeleg fagleg og ledelsesmessig støtte. Organisering og leiing skal leggje til rette for heilskapeleg og gjennomgåande fokus til tross for stor geografisk spredning i verksemda.
  
- Tiltak:**
  - Sikre formelle leiare på alle stasjonar.
  - Sikre at fagutviklarane reiser ut til stasjonane i naudsynt grad.
  - Sikre medisinsk fagleg rågjevar / seksjonsoverlege som ein del av leiinga og sikre at denne vert nytta hensiktsmessig.
  
- **Mål:**  
Forskrift om prehospitale tenester skal være oppfylt med hensyn til kompetansekrav.
  
- Tiltak:**
  - Arbeide aktivt for at dei utkant stasjonar som ikkje har 100 % dekning med fagarbeidarar får det i løpet av planperioden.
  - Sikre minimum ein fagarbeidar på kvar bil. Om naudsynt flytte personell mellom stasjonar for å dekke kritiske vakter.
  
- **Mål:**  
Sikre forsvarleg bemanning og god ressursutnytting ved å etablere vikarpool på tvers av stasjonar
  
- Tiltak:**
  - Sikre vidareføring av vikarpoolen. Vurdere vikarpoolen i lys av nyoppretta bemanningssenter i føretaket.
  
- **Mål:**  
Føretaket skal auke tal på ambulansarbeidarar med vidareutdanning som Paramedic og være på høgde med de andre føretaka i Helse Vest når det gjeld tal på tilsette som har gjennomført utdanninga.
  
- Tiltak:**
  - Føretaket skal ha minimum to under vidareutdanning til ei kvar tid.
  - Saman med Helse Stavanger fortsette dialog med høgskulen i Stavanger om lokalisering av utdanninga til Stavanger.
  
- **Mål:**  
Krav til resertifisering av utrykningsførarkort skal være innfridd.
  
- Tiltak:**
  - Etablere kursordning for tilsette som må fornye førarkort.
  - Sikre registrering og oppfølging av førarkortstatus for heile personellgruppa.
  
- **Mål:**  
Utvikle etter- og vidareutdanning for kompetanse knytt til AMK arbeid i tråd med anbefalte nasjonale retningslinjer
  
- Tiltak:**
  - Leggje til rette for veiledning og opplæring internt
  - Tilsette fagutviklar / koordinator for AMK personalet

- Leggje til rette for deltaking i naudsynte eksterne kurs og nettverksmøte

## **6. Økonomi**

### **6.1 Satsingsområder i regional plan**

*Styrke ressursane til leiging og utvikling av dei prehospitala tenestane slik at dei er egna til å ta i vare nåværande og framtidige krav og utfordringar*

### **6.2 Mål og tiltak for Helse Fonna**

- **Mål:**  
Sikre effektiv og rasjonell utnytting av personale, bilar, lokalar og utstyr. Særskild merksemd på turnusordningar og forhold mellom aktiv og passiv vakt på dei enkelte stasjonar.  
  
**Tiltak:**
  - Leggje til rette for møtearenaer og treffpunkt mellom seksjonsleiarar og funksjonsleiarar
  - Sikre godt samarbeid og samhandling mellom personale på tvers av stasjonar
  - Evaluere aktivitetsutvikling og belastning på aktiv og passiv vakt.
- **Mål:**  
Sikre realistiske budsjett i høve til auka verksemd i tenesta, i høve til kompetansekrav og i høve til faglig utvikling av det prehospitala miljøet i føretaket.  
  
**Tiltak:**
  - Delta aktivt i budsjettprosessar
  - Sikre rasjonell drift og lojalitet til budsjett hos leiare og medarbeidare
- **Mål:**  
Fylgje særskilt med på auken i ressursbruk til ambulanse og arbeide aktivt for utvikling av alternative transportformar.  
  
**Tiltak:**
  - Utarbeiding av tjenelege rapporteringsverktøy
- **Mål:**  
Sikre ressursar til leiging, fagutvikling og opplæring  
  
**Tiltak:**
  - Vidareføre fagutviklerrolla og seksjonsoverlegerrolla i ny organisering. Tilsette funksjon som kvalitetskoordinator i tråd med vedtatte "trekantmodell" for leiging i føretaket.
- **Mål:**  
Vurdere arbeidstidsordningar og på dei enkelte stasjonane kvart år i samband med budsjettering av personellressursar.

Tiltak:

- Årleg budsjettarbeid med tett samarbeid mellom leiing, controllarar og HR.

## **7. Kvalitet**

### **7.1 Satsningsområder i regional plan**

*Vidareutvikle eit heilskapeleg kvalitetssystem for dei prehospitale tenestane. Herunder innføre ei ordning med formelle internrevisjonar. Det skal innførast kvalitetsindikatorar for dei prehospitale tenestane i Helse Vest. Det prioriteras å innføre eit system for revisjon av dei prehospitale tenestane i Helse Vest. System for internrevisjon bør byggje på erfaringar frå revisjonsarbeidet innan luftambulansetenesta, og skal omfatte revisjon internt i føretaka og mellom disse. Det skal gjennomførast årleg revisjon av dei prehospitale tenestane i Helse Vest. Innan utgangen av 2008 skal det være gjennomført kvalitetsrevisjonar i alle føretak.*

### **7.2 Målsetjing for Helse Fonna**

- Mål:  
Delta i regionalt arbeid med utvikling av eit heilskapeleg kvalitetssystem

Tiltak:

- Avse personellressurs på førespurnad

- Mål:  
Sikre gjennomføring av internrevisjon i tråd med føretakets revisjonsprogram.

Tiltak:

- Gje innspill til revisjonstema
- Førebu og gjennomføre tilsyn saman med tilsynsansvarlege.

## **8. Dokumentasjon**

### **8.1 Satsningsområder i regional plan:**

*Gjennomgå dokumentasjon og rapportar. Innføre system og rutinar som er naudsynte for å kunne leie og utvikle tenesta. Etablere ei ordning kor sentrale data regelbunde rapporterast frå det einskilde føretak til Helse Vest. Innføre egna dataverktyg for dei prehospitale tenestane, inkludert operative og faglege støtteprogram samt system for IT basert fagutvikling. Dataverktyet skal være nøye tilpassa den operative arbeidssituasjonen i AMK og ambulansetenesta. Arbeide systematisk med responstidsproblematikken. Herunder etablere formelle avtaler med brannvesen om førsteresponstenester og vurdere innføring av responstidskart.*

### **8.2 Målsetjing for Helse Fonna**

- Mål:  
Delta i regionalt arbeid med utvikling av rapporterings – og dokumentasjonsverktyg. Arbeide for overgang frå manuelle system til elektroniske system.

Tiltak:

- Delta på førespurnad

- Mål:

Sikre registrering av pasientdata og verksemdata i tråd med lov og forskrift og i tråd med føretakets behov for datauttrekk og verksemdsrapporter

Tiltak:

- Sikre dei manuelle rutinane og arbeide for overgang til elektroniske rutinar i takt med regionalt arbeid.

## **9.    Forskning**

### **9.1    Satsningsområder i regional plan**

*Verksemda i dei prehospitale tenestane skal bli meir forskningsbasert og regelbunden evaluerast. Forbetringpunkt skal laupande identifiserast og tiltak setjast i verk for å utvikle tenestetilbodet til befolkninga.*

### **9.2    Målsetjing for Helse Fonna**

- Mål:

Faglege og driftsmessige endringar som blir sett i verk skal evaluerast.

Tiltak:

- Utvikle metode og verktøy for evaluering

## **10.   Kompetanse**

### **10.1   Satsningsområder i regional plan**

*Organisere ambulansetenesta i samsvar med krav og prinsipp i denne plan. Herunder legge tre definerte kompetansenivå til grunn for organiseringa. Settje i verk tiltak for å halde ved like og styrkje kompetans hos personellet i dei prehospitale akuttmedisinske tenestane. Herunder styrkje grunnutdanninga og arbeide for å etablere vidareutdanning for ambulansepersonell og AMK operatører ved høgskule / universitet i regionen. Følgje opp erfaringar med veilederambulanse i Helse Bergen. Vurdere å innføre veilederambulanse i alle helseforetaka. Sikre naudsynt rekruttering til den prehospitale tenesta. Det skal sikrast at tenesta har det naudsynte tal på autorisert personell og personell med formell vidareutdanning. Ta i vare fagkyndighetsprinsippet og utarbeide bemanningsnormer for AMK sentralar i Helse Vest. Følgje opp erfaringar med prehospitalt kommunikasjonssenter i Helse Bergen. Luftambulansetenesta skal være en integrert del av dei prehospitale tenestane i helseforetaket. Det skal etablerast rutinar for felles årleg analyse og gjennomgang av verksemdsdata på dei enkelte basar. Alle sjukehus som leverer til eller tar imot pasientar frå luftambulanshelikopter må ha landingsplass etablert i gangavstand frå akuttmottak. I den grad det er mogeleg bør instrumentinnflyging (PRNAV) etablerast på desse landingsplassane.*

## 10.2 Mål og tiltak for Helse Fonna

- **Mål:**  
Oppfylle krav til kompetanse for ambulansepersonell satt i forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

### Tiltak:

- Tilsette vert meld opp til fagprøve så snart dei tilfredsstillar kravene.
- Delta i arbeid for økning av tal på ambulansesarbeidarar ved å stille undervisningspersonell til disposisjon for ambulanselinja i vidaregåande skule.
- Bidra til auka tal på elevar til grunnutdanning som ambulansesarbeidarar ved å samarbeide med Sauda Vidaregåande Skule om fagleg opplegg og undervisning ved VK2 ambulanselinja.
- Auke tal på læreplassar i føretaket.
- Ambulansesarbeidarane i føretaket skal ha utryknings sertifikat i tråd med krav om resertifisering heimla i Utrykningsforskriften à 6/12-08, nr 637.

- **Mål:**  
Sikre fagleg høgt nivå og kontinuerleg vidareutvikling av ambulansepersonellets kompetanse. Ha særleg merksemd på dei mindre stasjonane i utkant av distriktet, der tal på oppdrag er lavt pr ambulansesarbeidar.

### Tiltak:

- Sikre ordningar for hospitering og jobbrotasjon